

Godkartevling på Hilme-stemnet!

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i flere år vore støttespelar til Jørn Hilme-stemnet på Fagernes.

Godkartevlinga inneheld mange utfordrande fysiske øvingar, og ein skal vere både smidig, sterk og spenstig for å vinne.



Årets vinnar vart Torkjell Lunde Børsheim frå Ulvik i Hardanger. Han fekk dermed eit napp i vandrepremien frå SpareBank 1 Hallingdal Valdres.



Prisutdelar er Arne Wangensteen.

Foto: Knut Utler

# Kommentarar 2. kvartal 2015

## Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område

- Bankverksemd
- Egedomsmeikling
- Rekneskapsføring og økonomisk rådgjeving.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med egedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 7 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskapan omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 52,7 mill. kroner. Dette er det beste halvårsresultatet som konsernet har levert og er 5,7 mill. over same periode i fjor.

## Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 93 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt pr. 2. kvartal på 45,9 mill. kroner som svarar til 1,06 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 0,6 mill. under tilsvarande periode i fjor, og om lag som venta.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 75,6 mill. kroner mot 77,4 mill. i same periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er pr. 2. kvartal på 1,74 %. I same periode i fjor var rentenettoen 2,02 %. Det er hittil i år kostnadsført 2,1 mill. i sikringsfondsavgift. Dette utgjer halvparten av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 50,5 mill. kroner mot 52,0 mill. i same periode i fjor. Banken har motteke mindre i utbytte frå tilknytte selskap i år enn i fjor, medan gevinst ved sal av omløpsaksjane gir noko meirinntekter i høve til fjoråret. Andre postar har ei normal utvikling.

Driftskostnadane pr. 2. kvartal aukar frå 58,4 mill. i fjor til 60,3 mill. kroner i år. Dette er ein generell vekst i kostnader på 3,3 % utan at nokon postar peikar seg spesielt ut.

Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 5,9 mill. kroner mot 9,2 mill. i same periode i fjor.

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 8,9 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 11,7 % siste 12 månader.

Balansførte utlån samt overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt har ein vekst frå 2. kvartal i fjor på 309 mill. kroner eller 3,7 %. Banken har overført bustadlån for 1.499 mill. kroner til SpareBank 1 Boligkreditt (Boligkreditt). Dette utgjer 17,4 % av balansførte og overførte lån. Volumet er tatt noko ned i løpet av kvartalet pga. god likviditet og mindre behov for ekstern finansiering. Utlåna fordeler seg med 67,8 % til privatmarknaden og 32,2 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer pr. 2. kvartal 75,9 mill. av utlånsvolumet og er noko lågare enn ved årsskiftet. Misleghaldet utgjer 1,06 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 50,2 mill. kroner pr. 2. kvartal. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 2. kvartal er på 6.112 mill. kroner, og er ein auke på 1.062 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 3.533 mill. på privatmarknaden og 2.579 mill. innafør bedriftsmarknaden. Omrekna i prosent er auken siste 12 månader på 21,0 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 85,6 % mot 76,1 % for eit år sidan. Banken har hatt ei periode med svært god innskotsvekst, men det er venta at det låge rentenivået vil gjere sitt til at volumet flatar ut i 2. halvår.

Banken har pr. 2. kvartal til saman 1.590 mill. kroner i eksterne innlån fordelt på 6 obligasjonslån på til saman 1.490 mill. kroner og eit banklån pålydande 100 mill. kroner. Av innlåna har 414 mill. kroner løpetid på under eit år. Banken har i tillegg til denne finansieringa ein oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

## Egedomsmeikling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og har 12 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal og er ein utfordrar i Valdres etter etableringa av kontor i dalføret i 2014.

Selskapet har eit driftsresultat etter skatt pr. 2. kvartal på 0,9 mill. og er 0,1 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene aukar med 0,3 mill. i høve til 1. halvår i 2014. Så langt i år har selskapet omsett 245 egedomar mot 210 i same periode i fjor. Dette er det høgste talet i selskapet si historie.

## Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS etter fusjonen av konsernet sine selskap i Hallingdal og Valdres i 2014. Selskapet har vel 50 årsverk og er med det ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat etter skatt pr. 2. kvartal på -0,6 mill. noko som er 2,4 mill. under tilsvarande periode i fjor for selskapa før fusjonen. Fusjonen har medført både organisasjonsmessige og systemmessige endringar som har auka bruken av interntid i ei overgangsperiode.

## Andre verksemdar

Konsernet si egedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS og SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Egedom AS eig no bankbygget på Gol og i Hemsedal etter at banken sine lokale i Ålingen Kjøpesenter på Ål vart seld i 1. kvartal.

SpareBank 1 ValHall Egedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggnes, samt «veksthuset» i Hemsedal. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat etter skatt pr. 2. kvartal på -0,3 mill. kroner. Dette er 0,7 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet leverer eit resultat etter skatt pr. 2. kvartal på 0,1 mill. kroner. Dette er 0,4 mill. betre enn same periode i fjor. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå der utbygginga er i ein tidleg fase.

## Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 11 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskapan, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 11,5 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 52,7 mill.

## Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 2. kvartal ei kapitaldekning på 15,38 %. Resultat hittil i år er ikkje lagt til så nøkkeltalet brukar å vere fallande gjennom året fram til årsresultatet blir lagt til ansvarleg kapital. Den langsiktige trenden er fallande så konsernet må på sikt vurdere tiltak som kan styrke kapitaldekninga.

## Framtidsutsikter

Det er mykje som tyder på at norsk økonomi går tøffare tider i møte. Oljeinvesteringane fell og arbeidsløysa er aukande. Stagnasjonen i oljeinveringa er ikkje noko som rår vårt marknadsområde direkte, men på sikt vil den kunne få effektar for Hallingdal og Valdres også.

Ein svakare kronekurs ser ut til å ha ein positiv effekt for vår reiselivsrelaterte region. Noreg blir eit meir aktuelt feriemål for utlendingar samstundes som det blir dyrare for nordmenn å reise utanlands. Dette fører til – slik me har opplevd – ein god vekst i turistnæringa både sommar og vinter. Lokalt gir dette ringverknader i form av låg arbeidsløysa og investeringsvilje.

Meklarverksemda opplever god omsetning av fritidsegedomar samstundes som prisutviklinga er fornuftig. Dette bør føre til ein god haust for verksemda.

Så langt i år har konsernet låge tap og det ser ut til at året vil bli om lag som forventa.

Hallingdal, 30.06.15/13.08.15

Kjell Vidar Bergo Åge Sandsengen Sissel Bjørøen  
Styreformann Nestformann

Odd Holde Tore Østlund Kristin Ourom Vidar Isungset

# Resultatrekneskap 2. kvartal 2015 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 14	2. kv. 14	2. kv. 15	30.06.14	30.06.15		30.06.15	30.06.14	2. kv. 15	2. kv. 14	Året 14
324 482	82 117	77 327	160 370	154 839	Renteinntekter og liknande inntekter	153 215	158 555	76 599	81 194	320 939
169 254	42 717	37 438	82 969	79 213	Rentekostnader og liknande kostnader	79 204	82 925	37 440	42 690	169 342
<b>155 228</b>	<b>39 400</b>	<b>39 889</b>	<b>77 401</b>	<b>75 626</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>74 011</b>	<b>75 630</b>	<b>39 159</b>	<b>38 504</b>	<b>151 597</b>
16 209	15 753	5 218	15 939	7 984	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	16 578	18 199	7 695	11 854	46 715
70 309	17 395	17 148	34 603	35 693	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	35 693	34 603	17 148	17 395	70 309
5 678	831	1 852	1 802	2 744	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	2 744	1 802	1 853	1 211	5 678
5 893	2 400	-574	3 259	7 921	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	7 921	3 259	-574	2 400	5 893
2 576	829	1 005	1 389	1 697	Andre driftsinntekter	37 312	41 250	17 304	20 166	73 903
<b>89 309</b>	<b>35 547</b>	<b>20 945</b>	<b>53 388</b>	<b>50 551</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>94 760</b>	<b>95 509</b>	<b>39 720</b>	<b>50 604</b>	<b>191 142</b>
<b>244 537</b>	<b>74 946</b>	<b>60 834</b>	<b>130 789</b>	<b>126 177</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>168 771</b>	<b>171 139</b>	<b>78 879</b>	<b>89 108</b>	<b>342 739</b>
69 438	12 172	12 669	29 525	31 009	Personalkostnader	57 052	57 091	24 449	25 387	123 426
31 907	8 795	7 835	18 135	15 859	Administrasjonskostnader	15 610	17 924	7 694	8 622	31 716
3 629	907	1 008	1 775	1 973	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	6 739	7 875	3 296	3 924	21 154
23 763	5 369	5 398	10 345	11 477	Andre driftskostnader	16 467	16 318	8 108	8 619	35 532
<b>128 737</b>	<b>27 243</b>	<b>26 910</b>	<b>59 780</b>	<b>60 318</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>95 868</b>	<b>99 208</b>	<b>43 547</b>	<b>46 552</b>	<b>211 828</b>
<b>115 800</b>	<b>47 703</b>	<b>33 924</b>	<b>71 009</b>	<b>65 859</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>72 903</b>	<b>71 931</b>	<b>35 332</b>	<b>42 556</b>	<b>130 911</b>
14 375	6 435	5 577	9 186	5 936	Tap på utlån, garantier mv	5 936	9 186	5 368	6 435	14 375
-10 503	143	0	143	3	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	296	143	4	143	-10 503
<b>111 928</b>	<b>41 125</b>	<b>28 347</b>	<b>61 680</b>	<b>59 920</b>	<b>Resultat et ter tap</b>	<b>66 671</b>	<b>62 602</b>	<b>29 960</b>	<b>35 978</b>	<b>127 039</b>
24 131	9 500	7 100	15 100	14 000	Skatt på ordinært resultat	14 004	15 570	6 926	9 566	22 971
<b>87 797</b>	<b>31 625</b>	<b>21 247</b>	<b>46 580</b>	<b>45 920</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>52 667</b>	<b>47 032</b>	<b>23 034</b>	<b>26 412</b>	<b>104 068</b>
<b>87 797</b>	<b>31 625</b>	<b>21 247</b>	<b>46 580</b>	<b>45 920</b>	<b>Resultat</b>	<b>52 667</b>	<b>47 032</b>	<b>23 034</b>	<b>26 412</b>	<b>104 068</b>

Kontoplanen er revidert i 2014. Dette fører til nokre endringar i oppstillingsplanen. Rekneskapen for tidlegare perioder er omarbeidd tilsvarande slik at samanlikningar blir korrekt.

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 15	2. kv. 14	Året 14	Norm 14 *
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,74	2,02	1,96	1,78
Driftskostnader i % av driftsinntekter	47,80	45,71	52,65	51,55
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,39	1,56	1,63	1,36
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	11,94	12,99	11,21	12,45
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	9,15	9,81	8,79	9,57
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,08	0,14	0,22	0,16
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	7,62	7,01	3,44	5,39
Overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt AS (1000 kr)	1 498 998	1 695 424	1 763 483	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført Boligkreditt	3,71	10,96	5,32	5,44
Innskotsvekst i % siste 12 md.	21,04	6,62	18,92	8,09
Innskot i % av brutto utlån	85,62	76,13	83,37	84,53
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	11,69	8,75	13,45	6,96
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital, konsern (1000 kr)**	958 971	903 506	991 484	
Kapitaldekning, konsern i % **	15,38	16,22	16,67	
Netto ansvarleg kapital, morbank (1000 kr)**	876 472	945 654	915 154	
Kapitaldekning, morbank i % **	14,47	17,24	15,87	18,29
Eigenkapitalprosent	11,74	12,61	12,11	9,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,70	0,73	0,72	0,64

\* Byggrer på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner

\*\* Nytt regelverk frå 3. kvartal 2014 (CRD IV)

## Dotterelskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	30.06.15	30.06.14	Endring	RESULTAT FØR SKATT	30.06.15	30.06.14	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	13 714	13 464	250	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	1 177	1 058	119
SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	3 704	4 307	-603	SpareBank 1 Hallingdal Eignedom AS	-39	-658	619
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	408	0	408	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	136	-432	568
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	23 339	17 740	5 599	SpareBank 1 Regnskapshuset Hallingdal AS	-835	2 051	-2 886
SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS *		10 113	-10 113	SpareBank 1 Regnskapshuset Valdres AS*		414	-414
SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS**	2 327	1 443	884	SpareBank 1 ValHall Eignedomsutvikling AS**	-425	-694	269
Sum	43 492	47 067	-3 575	Sum	14	1 738	-1 724

\* Selskapet vart fusjonert inn i SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall i 2014

\*\*Selskapet starta i 2013

# Balanse per 30. juni 2015 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
<b>31.12.14</b>	<b>30.06.14</b>	<b>30.06.15</b>	<b>EIGEDELAR</b>	<b>30.06.15</b>	<b>30.06.14</b>	<b>31.12.14</b>
238 049	234 241	133 819	Kontantar og fordringar på sentralbankar	133 819	234 241	238 049
628 293	276 777	470 702	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	470 733	275 342	629 507
6 769 590	6 632 513	7 138 101	Brutto utlån til og fordringar på kundar	7 039 857	6 522 286	6 653 033
-18 889	-16 001	-18 170	- Individuelle nedskrivningar	-18 170	-16 001	-18 889
-30 000	-32 500	-32 000	- Gruppevise nedskrivningar	-32 000	-32 500	-30 000
6 720 701	6 584 013	7 087 931	Netto utlån til og fordringar på kundar	6 989 687	6 473 785	6 604 144
23 499	22 099	20 499	Overtekte eignedelar	20 499	22 099	23 499
384 618	386 098	571 121	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	571 121	386 098	384 618
298 187	233 421	444 786	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	459 564	248 491	313 257
51 552	90 326	51 552	Eigarinteresser i tilknytt selskap	134 515	148 428	124 684
43 410	50 380	41 457	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
3 149	2 602	12 391	Immatrielle eignedelar	24 388	24 674	16 951
16 480	15 597	15 951	Varige driftsmidlar	105 886	122 646	124 492
15 305	14 697	7 823	Andre eignedelar	23 335	30 864	30 812
26 855	46 922	29 152	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	54 989	79 152	56 344
<b>8 450 098</b>	<b>7 957 173</b>	<b>8 887 184</b>	<b>Sum eignedelar</b>	<b>8 988 536</b>	<b>8 045 820</b>	<b>8 546 357</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
100 000	100 000	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 000	100 000	100 000
5 643 602	5 049 332	6 111 752	Innskot frå og gjeld til kundar	6 101 334	5 045 362	5 638 366
1 580 765	1 676 975	1 489 825	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 489 825	1 676 975	1 580 765
72 372	55 547	37 760	Anna gjeld	47 226	63 161	75 295
15 912	56 729	55 906	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	61 744	66 000	26 257
14 485	14 793	48 545	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	51 369	20 416	17 521
<b>7 427 136</b>	<b>6 953 377</b>	<b>7 843 788</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>7 851 498</b>	<b>6 971 914</b>	<b>7 438 204</b>
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>Sum innskote eigenkapital</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>	<b>818 457</b>
102 749	44 614	77 762	Utjamningsfond	77 762	44 614	102 749
90 167	82 406	90 168	Grunnfondskapital	90 167	82 406	90 167
11 589	11 739	11 089	Gåvefond	11 089	11 739	11 589
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	97 551	72 690	87 718
-	-	-	Anna eigenkapital	-10 655	-3 032	-2 527
<b>204 505</b>	<b>138 759</b>	<b>179 019</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>	<b>265 914</b>	<b>208 417</b>	<b>289 696</b>
	46 580	45 920	Resultat hittil	52 667	47 032	
<b>1 022 962</b>	<b>1 003 796</b>	<b>1 043 396</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>1 137 038</b>	<b>1 073 906</b>	<b>1 108 153</b>
<b>8 450 098</b>	<b>7 957 173</b>	<b>8 887 184</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>8 988 536</b>	<b>8 045 820</b>	<b>8 546 357</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>			
638 064	659 524	676 573	Betinga forpliktingar	676 573	659 524	638 064

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 15	2. kv. 14	Året 14
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	75 852	105 805	87 875
- individuelle nedskrivning	16 940	13 763	18 889
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>58 912</b>	<b>92 042</b>	<b>68 986</b>
<b>IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	556	3 219	-
- individuelle nedskrivning	606	1 500	-
<b>NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.</b>	<b>-50</b>	<b>1 719</b>	<b>-</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR</b>			
Endring gruppe nedskrivning	2 000	4 000	1 500
Endring individuell nedskrivning	-77	1 665	5 397
Konstatert tap i perioden	4 441	3 609	11 064
Inngått på tidl.konst. tap	-428	-88	-3 586
<b>TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)</b>	<b>5 936</b>	<b>9 186</b>	<b>14 375</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,  
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

**SpareBank**  
HALLINGDAL VALDRES

